

## Til NVE.

Innspel frå Strandafjorden fiskeeigarlag til revisjonsdokument for reguleringa av Uste- og Hallingdalsvassdraget 8. mai 2018.

På eit styremøte i Strandafjorden fiskeeigarlag 6. sept. 2018 vart vi einige om å kommentere nokre punkt i revisjonsdokumentet.

Fiskeeigarlaget syner til brev sendt E-CO 1. nov. 2017 og vi gjentek våre forslag til forbetring:

- *Unngå nattkøyring i beste fiskeperiode frå frå midten av juni til 1. august*
- *Vasstanden i fjorden må ikkje regulerast under kote 444.4 moh.*
- *Eventuelt utarbeide ei nettside der grunneigar kan få informasjon om framtidig køyremønster*

I FHR/E-CO er det usemje om desse punkta (side 46). Ål kommune har i sitt framlegg forslag om sommarvasstanden 444.4, noko som vi er sjølvstøtt einige i.

**Nattkøyring** gjer det vanskeleg å utøve garnfiske i Strandafjorden. Vi ynskjer at nattkøyringa vert redusert i så stor grad som mogeleg i perioden frå midten av juni til 1. august for at garnfisket ikkje skal bli skadelidande.

**INFO om køyremønsteret til fiskarane:** E-CO må kunne informere ved henvending om neste natts køyremønster om ettermiddagen på ein grei måte.

Ål, 07.09.2018

For Strandafjorden Fiskeeigarlag

*Ola Håkon Rudningen*

**Ola Håkon Rudningen**

Formann